UTDANNINGS FORBUNDET
Øygarden

## 9.0 Resolusjonar

### 1. Resolusjon frå Læringsverkstedet Aronien

## Resolusjon frå Læringsverkstedet Aronien

Regjeringen og Tonje Brenna sin annonsering av satsingen om å øke pedagogtettheten i norske barnehager til 60 % frem mot 2030, er positivt for barnehagene. Dette vil bidra til å øke kvaliteten og innholdet i barnehagen. Vi vet at et godt barnehagetilbud betyr mye for barnas muligheter videre i livet, og det bidrar til å utjevne sosiale forskjeller.

For at regjeringen og Tonje Brenna sitt forslag skal lykkes er det viktig at vi tar innover oss at behovet for økt bemanning i barnehagene er pressende! Vi vet og erfarer at et stabilt, tilstrekkelig og kompetent personale, er blant de viktigste enkeltfaktorene for at barn skal få et godt barnehagetilbud. Økt bemanning vil bidra til at hvert enkelt barn blir ivaretatt og fulgt opp på en enda bedre måte enn i dag. Flere ansatte gir mer tid, også til faglig utvikling. Det vil også vil kunne bidra til bedre kvalitet på barnehagetilbudet og er dermed en lønnsom investering for samfunnet

Hurdalsplattformen sier:
Forbetre bemanningsnorma slik at ho sikrar barna nok tilsette. Dette skal skje blant anna ved å stille krav til vikarbruk, krav til stadleg leiar, gjennomgå oppgåver som tar tilsette bort frå barna, og gjennomgå finansieringa av norma.
Styrkje kompetanseutviklingstilbodet for barnehagetilsette og leggje til rette for at fleire kan ta fagbrev på jobb.

Det trengs flere stabile, kompetente voksne i barnehagene. Nok voksne for å avdekke mobbing, krenkelser og omsorgssvikt. Da er det ikke nok å sikre vikarer. Sykefraværet er alarmerend*e* høyt. For å sikre at de ansatte skal kunne stå i jobben, ha en helsefremmende arbeidsplass som gir rom og mulighet til å ta vare på fremtidens viktigste ressurs, nemlig barna, trenger vi flere ansatte. Vi må våge å satse på to ting samtidig - Øk bemanningsnormen nå!

Klubben Læringsverkstedet Aronien

ved Lene Kurseth

**Forslag til vedtak:** Forslaget vert vedteke og sendt til årsmøtet.

## 2. Resolusjon frå Vibecke Hodnekvam

### Resolusjon frikjøpsressurs til private barnehagar

Utdanningsforbundet Øygarden meiner at tildeling av frikjøpsressurs slik den er no er urettvis. Vi meiner at den og må ta høgde for lokallag som har private barnehagar. Det må følgje med ein ressurs som kan brukast opp mot dei private barnehagane.

Frikjøpsressursen til lokallaget kjem på bakgrunn av medlemstal i kommunen, denne inneheld medlemmer både i kommunale og private barnehagar. Medlemstalet i privat sektor speglar ikkje tal på private barnehagar ein kommune kan ha. Lokallag som har mange private barnehagar kjem særs dårleg ut når mykje av frikjøpet deira går til å bistå dei private barnehagane.

Som eit døme: Vår kommune, Øygarden;  har 15 kommunale og 17 private barnehagar. Ressursen vi får tildelt på tal på medlem speglar ikkje arbeidet vi har opp mot dei private barnehagane eller demografien i kommunen. Vi ser og at mangel på tillitsvalte i dei private barnehagar er ein utfordring og krev mykje arbeid frå lokallaget. Noko anna er også at Lokallaget må ha god kjennskap til dei ulike tariffavtaler i vårt høve, PBL, Spekter og Fus.

Utdanningsforbundet Øygarden ber fylkesårsmøte om å fremje sak i høve tildeling av frikjøpsressurs til Lokallag som har private barnehagar opp til sentralleddet, eventuelt til landsmøte, slik at private barnehagar tel med når ein tildeler frikjøpsressurs til dei ulike lokallaga.

For styret i Utdanningsforbundet Øygarden

Vibecke Hodnekvam

**Forslag til vedtak:** Forslaget vert vedteke og sendt til årsmøtet i Utdanningsforbundet Øygarden. Dersom den vert vedteken der, sendast den til fylkesårsmøtet. Fylkesårsmøtet tek denne evt. vidare til landsmøtet.

## 3. Resolusjon frå Jane Føllesdal

### Resolusjon - Nynorsk i Utdanningsforbundet

Utdanningsforbundet sitt verdigrunnlag seier at vi skal arbeide for ei god, likeverdig og inkluderande utdanning for alle. Difor overraskar det meg stort at ikkje alle dokument, materiell, filmar og kampanjemateriell også føreligg på nynorsk. Heilt sidan 1885 har nynorsk og bokmål vore jamstilte språk i Noreg. No har vi kome til 2023! Dette er ikkje godt nok!

I Vestland fylke har vi 43 kommunar. 41 av dei har nynorsk som tenestespråk. 25 % av Noregs kommunar har nynorsk som skriftspråk. Det burde vere sjølvsagt at Utdanningsforbundet nyttar nynorsk på lik linje med bokmål.

Fleire gonger har Utdanningsforbundet kome med filmar og kampanjemateriell som lokallaga skal nytte ut mot medlemmane sine, på sosiale media og til media generelt. Like mange gonger har vi venta på at dei same filmane og kampanjemateriellet skulle kome på nynorsk, mange gonger venta vi forgjeves. Fleire slagord kom berre på bokmål. Det er ikkje greitt at vi må bruke mykje unødig tid på å omsette desse til nynorsk sjølv.
Nynorsken er demokratisk, av di han byggjer på talemålet frå alle delane av landet.

Utdanningsforbundet er ein inkluderande og demokratisk organisasjon, og difor meiner Utdanningsforbundet Øygarden om at det burde vere sjølvsagt at alt materiell alltid kjem på begge målformene.

Jane Føllesdal

**Forslag til vedtak:** Forslaget vert vedteke og sendt til årsmøtet i Utdanningsforbundet Øygarden. Dersom den vert vedteken der, sendast den til fylkesårsmøtet. Fylkesårsmøtet tek denne evt. vidare til landsmøtet.
(evt. sendast til Utdanningsnytt om vedteken)

UTDANNINGS FORBUNDET
Øygarden

## 4. Resolusjon frå Cathrine Olsen

### Politisk prioritering av barnehagesektoren i Øygarden kommune

I "Barnehage for en ny tid" legg regjeringa og kunnskapsminister Tonje Brenna fram mål for barnehagesektoren. I denne ligg det klare forventningar til politikarane og kommunane, forventningar om at barnehagar blir prioritert. Eg siterer: "skal vi nå måla i strategien, er vi avhengig av at barnehagar blir prioritert av lokalpolitikarar og barnehageeigarar". Denne forventninga ligg òg til lokalpolitikarar og barnehageeigarar i vår kommune. Det overraskar meg stort at Øygarden kommune ikkje ein gong har ein barnehagestrategi.

Kva kan politikarane i Øygarden gjere?
Vi som jobbar med barn, veit at utdanninga startar i barnehagen. Politikarane må satse på barna og laget rundt barnet. Då krevst det auka bemanning! Slik stoda er no er bemanningsnorma i barnehage ei minimumsnorm, ei minimumsnorm som vert nytta som tak. Ei auke i tal på arbeidsoppgåver som stel tid frå barna, høgt sjukefråvær og mangel på vikarar, gjer arbeidsdagane krevjande. Dette er utfordrande for både barn og vaksne.
Barna skal sjåast, anerkjennast og oppleve at dei er verdifulle. Dei skal ha medverking og meiningsfulle dagar der trivsel, leik, læring, profesjonalitet og like moglegheiter for alle, står sentralt. Difor treng barnehagane nok tilsette som får bruke tid og fagleg kunnskap til å sikre barna eit godt pedagogisk innhald. Det er de politikarar sitt ansvar å leggje til rette for dette.

Barnehagane treng ein overordna strategisk plan.

Barnehagane treng auka bemanning slik at personalet kan drive ei tilfredsstillande pedagogisk verksemd. Utdanningsforbundet Øygarden forventar at politikarane i Øygarden kommune har høgare ambisjonar for barnehagesektoren enn ei minimumsnorm. Ei praktisk løysing på dette er ei ny norm som sikrar at ein tilsett maksimalt kan ha ansvar for 2 barn under 3 år, og 5 barn over 3 år. Utdanningsforbundet meiner og at det bør stillast skjerpande krav til barnehagar med opningstid over 9,5 timar

Tidleg innsats er eit satsingsområde i Øygarden kommune, denne satsinga må starte i barnehagen. Vi må auke bemanninga saman med ambisjonane, og satse på barna i Øygarden kommunen. Vi veit at eit stabilt, kompetent og tilstrekkeleg personale er blant dei viktigaste enkeltfaktorane for at barna skal få eit godt og likeverdig barnehagetilbod. Utdanningsforbundet vil difor oppfordre om å tenke nytt.

Samstundes som kommunen må sjå på bemanningsnorma, er ein barnehagelærar "på topp" ei klok og naudsynt satsing. Dette inneber at kvar barnehage har ein ekstra barnehagelærar på huset i tillegg til krava i bemanningsnorma.

Dette bidreg til å styrke det pedagogiske arbeidet og til at barnegruppa og kvart enkelt barn får oppfølging. Det kan og bidra til å redusere sjukefråværet og behovet for vikarar.
Vi treng endring og vi treng den no!

Cathrine Olsen

**Forslag til vedtak:** Forslaget vert vedteke og sendt til årsmøte, politikarane og evt. lokalavisa.

## 5. Resolusjon frå Stranda barnehage

**Resolusjonar til årsmøte 10 mars 2023 frå klubben i Stranda barnehagen:**

1. «Bemanningsnorm i barnehagar gjeld i hele opningstida»

2. «Lovkrav om at spesialpedagogisk hjelp blir gitt av spesialpedagogar»

3. «Plantida for pedagogar i barnehagar må aukast frå minimum 4 timar per veke til minimum 8 timar per veke»

**Forslag til vedtak:** Forslaget vert vedteke og sendt til årsmøtet. Resolusjonane presenterast skriftleg på årsmøtet.

## 6. Resolusjon frå Stranda skule

**FRAMLEGG TIL RESOLUSJONAR FRÅ KLUBBEN VED STRANDA SKULE - TIL ÅRSMØTET 2023 I UDF ØYGARDEN**

På klubbmøtet 30. januar 2023, var medlemene samde i at vi ber årsmøtet om tilslutning til desse resolusjonane:

1) Å vere kontaktlærar har blitt mykje meir krevjande dei seinare åra. Utdanningsforbundet må arbeide for at kontaktlærarar har **nok** tid til å utføre kontaktlæraroppgåvene på ein god måte. Utdanningsforbundet må og arbeide for at kontaktlærartillegget vert auka.

2) Utdanningsforbundet må arbeide for at lærarane får ei god lønsutvikling i framtida.

Helsing

Klubben ved Stranda skule

v/ Elisabeth Hummelsund, klubbleiar

**Forslag til vedtak:** Forslaget vert vedteke og sendt til årsmøtet i Utdanningsforbundet Øygarden. Dersom den vert vedteken der, sendast den til fylkesårsmøtet. Fylkesårsmøtet tek denne evt. vidare til landsmøtet.